

(21) SIST EG TALA MED MITT TRE

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND


Eg tenker på kor mykje som skal til for å bygge opp, og kor lite som skal til for å rive ned. Det kan vere seg eit tre, eller eit menneske.

Fmaj7 C/B C Em Dm7 G7 G6 Am



Sist eg ta - la med mitt tre _____ song ein fu - gl li - ke ved _____

Ddim E E7 Am Am7 Fmaj7



& _____ dei djup-blå to - nar om ein sak - na ma - ke, _____ men ing - en sva - ra

Dm7 G7 C C/B Dm7 G7 G6 Am (C)



14 der i lund og le _____ sist eg ta - la med mitt tre. _____

Sist eg tala med mitt tre
song ein fugl like ved
dei djupblå tonar om ein sakna make,
men ingen svara der i lund og le -
sist eg tala med mitt tre.



Sevjesong og blomekrans.
Silkevår og sommardans.
Og lauvets brus. Og ekornsprang i greiner.
Euforisk stålsett. Ottesam og sår.
Mogen frukt i etterår.

Sist eg tala med mitt tre
gjekk eg audmjuk ned på kne
for hennar namn, og skar det inn med tanken
så sevja stig, men ikkje græt sin ve -
sist eg tala med mitt tre.